

HANDBALLGRUPPA
BERGSØY IL


ÅRSMELDING

SESONGEN 1994 - 95



ORGANISASJONSPLAN

BERGSØY IL HANDBALLGRUPPA



Aktivitetsplan haust -94/vår -95

veke 33 - 34	CUPLOTTERI	17. - 24. aug
veke 39	LYNLOTTERI	26. - 30. sept
veke 43 - 44	BASARBØKER	24. okt - 6. nov
veke 45	MOTESHOW	9. november
veke 47	LYNLOTTERI	21. - 26. november
veke 50	LYNLOTTERI	12. - 17. desember
veke 2	LYNLOTTERI	9. - 14. januar
veke 6	LYNLOTTERI	6. - 11. februar
veke 6	MINITURNERING	12. februar
veke 11 - 12	BASARBØKER	
veke	MOTESHOW	29. mars
veke	HANDBALLENS DAG	23. april
veke 17	LYNLOTTERI	24. - 29. april
mai - juni	BERGSØY CUP	mai - juni

Handlingsplan for handballgruppa 1994 - 95

ADMINISTRATIV MÅLSETJING

1. Administrere handballgruppa etter ny organisasjonsplan
2. Oppretthalde/vidareutvikle aktiviteten i gruppa
3. God profilering av gruppa sitt arbeid
4. Driftsresultat i samsvar med vedteke budsjett
5. Styremedlem i Sunnmøre handballkrets

VIRKEMIDLAR

1. Tillitsfolk til alle verv
 - Gi instruksinformasjon gjennom «gruppepermen»
 - Opparbeide gjensidig tillit og ansvarskjenne hos dei tillitsvalde
 - Støtte utvala i deira arbeid
 - Gjere samarbeidet lystbetont
2. Vidareutvikle arrangementa våre
 - Vurdere ev. nye aktivitetar/tiltak
 - Opparbeide ei aktiv foreldregruppe
 - Ei aktiv cupnemnd - vidareføre cuparbeidet
3. Auke bruken av lokalavisa
 - Referat av seriekampar i Vestlandsnytt
 - Lage eit godt handballprogram
 - Fribillettar til sponsorar
 - «Speaker» på seniorkampane
 - Fri adgang til kampar for aktive med treningsbevis
4. Streng rekneskapskontroll
 - Innkjøpsansvarleg
 - God planlegging av lotteri
 - Oppfylgjing av losseplikt
5. Oppfordre tillitsfolk å vere med i kretsarbeid

SPORTSLEG MÅLSETJING

1. Eit herrelag i 3. divisjon - behalde plassen
2. Eit damelag i 3. divisjon - brukbar plassering
3. Aldersbestemte lag - oppretthalde aktiviteten, nå eventuelt sluttspel
4. Rekruttering
5. Auke/betre trenarstallen
6. Eit nytt dommarpar pr sesong
7. Oppmenn på alle lag

VIRKEMIDLAR

- 1-2 Ny kontrakt med seniortrenar
 - Spelarkontrakt ang. treningsseriositet/arb.oppgåver
 - Reiseutg-dekning for ev. spelarar
 - Dekning av tapt arb.forteneste etter avtale
 - Søkje treningsløyve hall, sommar/ev. andre feriar
 - Arrangere treningskampar
 - «Gjestetrenarar» - D/H
 - Spelarmøte
- 3-4 Brev til tidlegare aktive ved sesongstart
 - Handballinformasjon til skulane (plakat m.m.)
 - «Gulrot» - delta på populære cupar
 - Skuleturnering - «handball inn i skulen»
 - Handballperm til skulane - gratis
 - Sosialt samvære for laga
5. Trenarforum - betre informasjon
 - Trenarkurs - NHH sin handballskule
 - Trenarlønn - gi trenaren status
6. Dommarane - ein viktig del av klubben
 - Dommarkurs
 - Dommarforum
 - Sende dommarane på cupar
7. Oppmannsforum
 - Oppmannsperm m. informasjon
 - Foreldremøte
 - Foreldregruppe på kvart lag

STYRET

Desse er:	Leiar:	Astrid Jensen
	Nestleiar:	Marvin Skuggen
	Kasserar:	Rolf Hjelmeseth
	Sekretær:	Kristin Leine
	Leiar sports. utval:	Bodvar Kleiven
	Leiar økonomiutval:	Anne Grethe Nilsen
	Leiar arr. utval:	Ellbjørg Eggesbø
	Varam. :	Kjell Nørvåg
	Varam.:	Evy Sandhaug

Styret har i sesongen 01.05.94 til 01.05.95 hatt 9 styremøte og handsama 36 saker. Styret har administrert gruppa utfrå den godkjende handlingsplanen. Dei 3 utvala i gruppa har jobba med å utføre dei verkemidla som vart oppsette, for å nå dei ulike mål gruppa vedtok i handlingsplanen.

HANDLINGSPLAN

AKTIVITETSPLAN

Styret meiner å ha nådd ein del av dei vedtekne måla i handlingsplanen. Vi har ikkje ikkje oppnådd eit driftsresultat i samsvar med det vedteke budsjettet for sesongen, hovudårsaka til dette ligg i sviktande losseinntekter.

Styret har administrert gruppa etter den nye organisasjonsplanen, styrestrukturen har ikkje fungert heilt som den skal. Dette må styret gjennom evaluering rette på til komande sesong.

Handballgruppa har delteke på desse klubbsamlingane, i regi av Sunnmøre handballkrets:

07.09.94:	Informasjonsmøte med klubbane, Ørsta
10. og 11.02.95:	Impulssamling, Sagafjord hotel, Sæbø
29.03.95:	Klubbleiarmøte, Ålesund
20.05.95:	Kretsting, Sunnmøre handballkrets, Ålesund

ARSMELDING SPORTSLEG UTVAL

Sportsleg utval har 6 medlemmer: Leiar, trenarkontakt, dommarkontakt, oppmannskontakt, utviklingskontakt og materialforvaltar.

Desse er:	Leiar:	Bodvar Kleiven
	Trenarkontakt:	Ruth Frøystad
	Dommarkontakt:	Bård Kvalsund
	Oppmannskontakt:	Bodil Notøy
	Utviklingskontakt:	Martin Slåttelid
	Materialforvaltar:	Kristin Leine

Sportsleg utval skal syte for god fagleg kontakt mellom trenarar, oppmenn, dommarar, spelarar og tillitsvalde som er underlagde utvalet. Sportsleg utval skal fortløpande vurdere handballgruppa sin sportslege målsetjingsplan.

Sportsleg utval meiner å ha innfridd handballgruppa si sportslege målsetjing. Herrelaget enda på 2. plass i si avdeling i 3.divisjon, og laget kvalifiserte seg til sluttspel for 2. divisjon. Bergsøy deltok i sluttspel, i Bergen, første helga i april, der laget tapte alle kampane sine.

Damelaget enda på ein flott 4.plass i si pulje i 3.divisjon.

Vi har hatt 6 aldersbestemte lag, som har spela serie i Sunnmøre handballkrets:

J16, J14, J12, J10, G14 og G12.

Når det gjeld serieresultat, viser vi til tabelloversikta.

Vi har også denne sesongen hatt ein flott gjeng "miniar", og desse vil vi prøve å ta godt vare på. På jentesida må vi seie oss fornøgde, når vi klarer å stille lag i alle aldersklasser. derimot på gutesida må vi bli flinkare å "fiske", det viser årets sesong med eit tynt G14 og G12 som einaste lag i serien.

Rekrutteringstiltak som den flotte skuleturneringa vi arrangerte i mai må kome på handlingsplanen kvar sesong.

Det er viktig å ha gode og etablerte trenarar på alle nivå, vi meiner å ha klart det. Vi har hatt 4 trenarar som deltok på Norges handballforbund sin handballskule på Hamar, og vi har fått positiv tilbakemelding frå desse. Dette tilbodet er noko vi må halde fram med. Vidare skal utvalet fylgje opp at alle Bergsøytrenarane får tilbod om dei kurs som blir arrangert i kretsen sin regi.

Bergsøy har hatt 7 påmelde dommarar denne sesongen: Eivind Inge Leine, Morten Digernes, Antoni Vike Danielsen, Tor Christian Holmesland, Solveig Grønbech, Jan Erik Myrseth og Tord Vågsholm.

Vi har denne sesongen delteke på "Bergsøy-prosjektet", eit dommarprosjekt arrangert av Sunnmøre handballkrets, med Sif Kalvø som prosjekt leiar.

I samband med dette prosjektet, har to av dommarpara våre delteke i Peter Wesselcup i Larvik, ein cup som blir rekna som NM for aldersbestemte lag. Dommarpara våre fekk dømme B-finalen i sluttspelet.

Elles har dommarane delteke på Rivalcup, Rolloncup og Åndalsnescup.

Vi greidde også denne sesongen å få gode "oppmenn" på alle lag. Dette er ei viktig målsetjing for ein klubb som skal ha nær kontakt med foreldre/føresette. I den samanheng har vi arrangert oppmannsmøte og foreldremøte, slik at vi kan ha ein god dialog mellom styre og foreldre i handballgruppa.

Eit av verkemidla i den sportslege målsetjinga var å delta på cupar, gjerne atraktive turneringar. Det å reise på cup er utviklande for eit lag, både sosialt og sportsleg.

Dei aldersbestemte laga har vore på desse cupane:

J14, J16, G14 - Rivalcup i Molde

J10, J12, G12 - Strandacup

J14, J16, G14 - Åndalsnescup

Seniorlaga har vore på desse cupane:
Kristiansundcup og Spjelkavikcup

Desse aldersbestemte spelarane har vore med i kretslag J/G 16:
Janne Remøy, Agathe Teige, Dag Are Nilsen og Steffen Voldsund.

Desse spelarane har vore med på LUM:
Marthe Vike, Nina Remøy, Rita Valø, Unn Ryan, Tord Vågsholm og
Steffen Voldsund.

Vi nemnar og at Janne Remøy har delteke på RUM-samling i Trondheim.

Bodil Notøy har vore styremedlem i Sunnmøre handballkrets i 4 år.
Ho har no takka nei til attval. Vi har i staden fått inn Terje Krogset.

ARSMELDING ARRANGEMENTSUTVALET

Arrangementsutvalet har 6 medlemmer: Leiar, kiosk/billett-
ansvarleg, sekretariatansvarleg, cupansvarleg, ansvarle andre arrangement og
ansvarleg sosiale arrangement.

Desse er:	Leiar:	Ellbjørg Eggesbø
	Kiosk/bill.ansv.:	Oddbjørg Valø
	sekretariatansv.:	Tor Andre Notøy
	Cupansvarleg:	Marvin Skuggen
	Ansv. andre arr.:	Astrid Jensen
	Ansv. sosiale arr.:	Norunn Remøy

Arrangementsutvalet skal stå for teknisk gjennomføring av seriekampar og turneringar.
Utvalet har og ansvaret for moteshowa, handballens dag og sosiale tilstellingar for
akrive og tillitsvalde. Utvalet må arbeide etter handballgruppa sin aktivitets- og
tempoplan, i samsvar med gruppa sin handlingsplan og budsjett.

Utvalet har hatt 7 møte i samband med dei ulike arrangementa.
Ansvarsfordelinga mellom utvalsmedlemmane har ikkje fungert til alle tider.

FORELDREGRUPPE

Denne gruppa har hatt ansvaret for kiosk- og billettsalet ved
kamparrangementa i Herøyhallen. Gruppa har dessutan hatt hovudansvaret for
kafesalet ved alle større arrangement i handballgruppa sin regi.

Desse er:	Leiar:	Oddbjørg Valø
		Janne Hjorthaug
		Elisabeth Teige
		Lillian Kvalsvik
		Myrthel Kvalsund
		Myrthel Emblem

Utvalet har arrangert desse arrangementa:

26.06.94	: Bergsøycup-94 (berre ein dag)
09.11.94	: haustmoteshow
31.01.95	: minimoteshow, yrkesmessa
12.02.95	: minihandballturnering
29.03.95	: vårmoteshow
23.04.95	: handballens dag
20.05.95	: skuleturnering

Bergsøy I.L. - Handballgruppa, økonomiutvalet.

ÅRSMELDING

(01.05.94-30.04.95)

Økonomiutvalet har 7 medlemmer: Leiar, kasserar, rekneskapsansvarleg, sponsoransvarleg, lotteriansvarleg, programansvarleg og losseansvarleg.

Disse er:	Leiar:	Anne Grete Nilsen
	Kasserar:	Rolf Hjelmeseth
	Rekneskapsansv.:	Stig Vestnes
	Sponsoransvarleg:	Jakob Haugen
	Lotteriansvarleg:	Signe Nyseter
	Programansvarleg:	Jens Morten Berge
	Losseansvarleg:	Kjell Nørvåg

Økonomiutvalet har ansvaret for å skaffe midlar til drift av handballgruppa, føre rekneskap, lage budsjett (medansvar) og følge opp budsjettet.

Utvalet har i siste sesong hatt 3 møter pluss eit møte med nyvald sponsoransvarleg. Dette er for lite, vi må ha oftare møte neste sesong. På møta har rekneskapsansvarleg lagt fram perioderekneskap som vi går gjennom i fellesskap. Økonomien er dårleg. Vi må minst ha same inntektene i neste sesong som vi har hatt denne sesongen. Viser til rekneskap pr. 30.04.95.

Sponsoransvarleg har skaffa 2 nye reklameskilt i Herøyhallen, pluss fått tilbake eit som var på veg ut. Han har skaffa ny draktsponsor til ein verdi på kr. 6.000,- for neste sesong. Alle som har skilt i hallen og alle draktsponsorar har betalt. Det gjekk litt lenge før alle skilteigarane hadde betalt.

Vi har arrangert 5 lynlotteri der vi har fått inn kr. 23.564,- pluss eit lotteri for senior som gav kr. 9.329,-. NHF/SHK - lotteria skaffa oss netto kr. 14.977,-. Alt for mange loddbooker var ikkje utselde.

Programansvarleg jobba raskt og sjølvstendig med annonsene til handballprogrammet. Alle annonsørane har betalt.

Lossinga som har vore største inntektskjelda tidlegare, har svikta. Båtane som vi har lossa for tidlegare leverer fisk andre stader. Losseansvarleg bør kanskje i framtida kallast dugnadsansvarleg, og prøve å finne andre måtar å få inn pengar på.

Takk for laget i denne sesongen.

Helsing leiar i økonomiutvalet

Anne Grete Nilsen

TAKK

Som leiar i handballgruppa vil eg rette ei stor takk til dei tillitsvalde i styret for sesongen 1994/95. Takk til alle tillitspersonar i dei ulike utval. Takk til aktive, trenarar, oppmenn, foreldre og alle andre for det arbeidet dei har lagt ned.

Styret rettar og ei takk til alle andre støttespelarar som har vore med og hjelpt oss gjennom denne sesongen.

Takk til hovudstyret i Bergsøy IL for godt samarbeid.


Takk til Herøy kommune, Herøy kulturhus, forretningsstanden i Fosnavåg og på Eggesbønes.

Takk til bankar og bedrifter som har gitt oss støtte.

Stor takk til heimepublikumet vårt!

Eg vil til slutt ynskje det nye styret i handballgruppa til lukke med arbeidet i den komande sesongen.

Leinøy, den 06.06.95



Astrid Jensen

TABELLER KRETSSERIEN 1994/95.

MINI

Trenarar: Solveig Grønbech, Tor André
Notøy, Jda Skjelsvik
J10- trenar Eva Moe
oppm.: Lena S. Jgesund

JENTER 16 ÅR AVD. A:

Langevåg	18	16	0	2	424 - 177	+247 32
Spjelkavik	18	15	1	2	395 - 242	+153 31
Stranda	18	14	1	3	410 - 223	+187 29
Bergsøy	18	11	3	4	397 - 299	+98 25
Mork	18	9	1	8	331 - 309	+22 19
Volda	18	7	2	9	309 - 333	-24 16
Sabø	18	6	1	11	306 - 352	-46 13
Blindheim	18	3	0	15	193 - 399	-206 6
Ørsta	18	2	1	15	205 - 398	-193 5
Hødd	18	2	0	16	186 - 424	-238 4

Trenar: Ruth Frøystad
Oppm.: Berit Skjelsvik

JENTER 16 ÅR AVD. B

Skarbøvik	14	12	1	1	312 - 180	+132 25
Valder	14	11	2	1	351 - 176	+175 24
Rollon	14	10	1	3	282 - 171	+111 21
Blindheim B	14	7	1	6	186 - 157	+29 15
Godøy	14	7	0	7	236 - 177	+59 14
Haram	14	4	1	9	219 - 225	-6 9
Hareid	14	2	0	12	129 - 369	-240 4
Larsnes	14	0	0	14	91 - 351	-260 0

JENTER 14 ÅR AVD. A:

Herd	16	14	1	1	341 - 117	+224 29
Langevåg	16	14	1	1	322 - 114	+208 29
Blindheim	16	13	0	3	205 - 152	+53 26
Volda	16	6	2	8	190 - 216	-26 14
Spjelkavik	16	5	2	9	167 - 205	-38 12
Stranda	16	5	1	10	154 - 239	-85 11
Ørsta	16	4	1	11	131 - 230	-99 9
Skarbøvik	16	4	1	11	142 - 259	-117 9
Haram	16	2	1	13	141 - 261	-120 5

JENTER 14 ÅR AVD. B:

Valder	16	15	0	1	269 - 112	+157 30
Sabø	16	14	0	2	276 - 137	+139 28
Rollon B	16	12	1	3	209 - 116	+93 25
Hovdebygda	16	8	0	8	147 - 195	-48 16
Godøy	16	6	2	8	176 - 198	-22 14
Bergsøy	16	6	1	9	232 - 172	+60 13
Fiskerstrand	16	5	1	10	170 - 167	+3 11
Volda B	16	3	1	12	164 - 220	-56 7
Hareid	16	0	0	16	53 - 379	-326 0

Trenar: Margareth Leinebø
Oppm.: Margot Nørvåg

GUTTER 16 ÅR:

Ørsta	12	9	1	2	291 - 194	+97 19
Spjelkavik	12	9	1	2	286 - 205	+81 19
Molde	12	7	1	4	252 - 198	+54 15
Haram	12	3	1	8	182 - 227	-45 7
Hareid	12	0	0	12	141 - 328	-187 0

GUTTER 14 ÅR:

Molde	8	8	0	0	144 - 61	+83 16
Kristiansund	8	5	0	3	127 - 80	+47 10
Bergsøy	8	5	0	3	126 - 110	+16 10
Spjelkavik	8	2	0	6	80 - 110	-30 4
Volda	8	0	0	8	58 - 174	-116 0

Trenar: Stig Vestnes
Oppm.: Bodvar Kleiven

GUTTER 12 ÅR:

Rollon G12	12	10	1	1	162 - 87	+75 21
Hovdebygda G12	12	8	1	3	157 - 94	+63 17
Haram G12	12	7	1	4	105 - 111	-6 15
Ørsta G12	12	6	1	5	140 - 109	+31 13
Hareid G12	12	6	1	5	96 - 95	+1 13
Spjelkavik G12	12	2	0	10	122 - 179	-57 4
Bergsøy G12	12	0	1	11	74 - 181	-107 1

Trenar: Ruth Frøystad
Oppm.: Bente Størvik

JENTER 12 ÅR:

Spjelkavik	15	14	1	0	213 - 87	+126 29
Langevåg	15	14	0	1	158 - 68	+90 28
Hødd	15	13	0	2	175 - 100	+75 26
Blindheim	15	12	0	3	171 - 87	+84 24
Valder	15	10	0	5	168 - 105	+63 20
Åndal	15	9	2	4	155 - 105	+50 20
Herd	15	7	2	6	106 - 96	+10 16
Sabø	15	6	2	7	107 - 128	-21 14
Ørsta	15	5	3	7	117 - 124	-7 13
Stranda	15	6	1	8	112 - 131	-19 13
Godøy	15	4	2	9	89 - 120	-31 10
Hareid	15	3	3	9	79 - 113	-34 9
Volda	15	4	0	11	86 - 152	-66 8
Mauseidvåg	15	2	3	10	93 - 150	-57 7
Bergsøy	15	1	1	13	52 - 152	-100 3
Haram	15	0	0	15	52 - 215	-163 0

Trenar: Rita Søvik
Oppm.: Gerd Røren Leine

D3: trenar: Tor Sindre Steinsvik

oppm.: Rune Notøy

H3: trenar: Tor Sindre Steinsvik

oppm.: Bodil Notøy

BERGSØY I.L. - HANDBALLGRUPPA

RESULTATREGNSKAP SESONGEN 94/95

	Regnskap 1.5.94-30.04.95	Budsjett 94 / 95	Avvik frå budsjett	Regnskap 1.5.93-30.4.94
Inntekter:				
Reisetilskot/treningsavg. handballmedl.	35.300,00	43.000	-7.700	42.200
Inntekter idrettsarrangement	81.595,00	125.000	-43.405	102.259
Inntektsbringande tiltak/arrangement	167.054,80	210.000	-42.945	259.217
Reklame-/annonse- og sponsorinntekter	106.010,00	117.000	-10.990	96.200
Interne overføringer/-fordelingar	20.000,00	10.000	10.000	10.000
Andre inntekter	1.000,00	5.000	-4.000	5.160
SUM INNTEKTER	410.959,80	510.000	-99.040	515.036
Kostnader:				
Deltakelse i andre stevner/samlinger	135.627,92	133.000	-2.628	133.764
Egne stevner/arrangementer	89.599,10	135.000	45.401	91.234
Trening- og instruksjon Note 1	79.775,00	80.000	225	75.864
Utdanning og kurs	4.953,00	12.000	7.047	11.500
Heimtaking og andre godtgj. til spelarar	17.550,00	20.000	2.450	26.325
Andre trenings- og behandlingsutgifter	11.561,50	22.000	10.439	16.145
Andre driftskostnader -idrett/arrangement	5.494,30	3.500	-1.994	5.010
Stevne og aktivtetskostnader	344.560,82	405.500	60.939	359.841
Møteutgifter	1.283,00	2.000	717	0
Administrasjonsutgifter	4.233,00	7.000	2.767	15.741
Informasjon	300,00	500	200	0
Markedsføringstiltak	2.818,90	4.000	1.181	1.826
Administrasjon og markedsføring	8.634,90	13.500	4.865	17.566
Kontigenter/avgifter til forbund/kretser	30.500,00	36.000	5.500	35.513
Utgifter ved inntektsbringande tiltak	20.085,80	37.000	16.914	40.177
Utg. ved reklame-, annonse og sponsoravtaler	10.125,00	12.000	1.875	11.157
Kont./avg. og utg. innt.bring.tiltak	60.710,80	85.000	24.289	86.847
SUM DRIFTSKOSTNADER	413.906,52	504.000	90.093	464.254
DRIFTSRESULTAT	-2.946,72	6.000	-8.947	50.782
Netto finanskostnader	633,00	0	-633	95
Underskot(-) overskot(+)	-3.579,72	6.000	-9.580	50.687

BERGSØY I.L. - HANDBALLGRUPPA


BALANSE PR. 30.04.95 (01.05.94 - 30.04.95)

	Balanse pr. 30.04.95	Balanse pr. 30.04.94
EIENDELER		
Kontantbeholdning	3.143,00	1.162,00
Bankinnskott	33.588,47	33.863,56
Betalingsmidler	36.731,47	35.025,56
Kundefordringer	20.629,00	31.842,50
Forskotsbetalte kostnader	11.000,00	5.500,00
Kortsiktige fordringer	31.629,00	37.342,50
SUM EIENDELER	68.360,47	72.368,06
GJELD OG EGENKAPITAL		
Leverandørgjeld	57.528,14	77.166,01
Forskot fra sponsorer	8.700,00	0,00
Skyldig skatt og arb.giv.avgift	8.894,00	4.692,00
Påløpne kostnader	6.308,00	0,00
Kortsiktig gjeld	81.430,14	81.858,01
Egenkapital 01.05.	-9.489,95	-60.177,14
Underskot (-)/overskot (+) i sesongen	-3.579,72	50.687,19
Egenkapital pr. 30.04.95	-13.069,67	Pr.30.04.94 -9.489,95
SUM GJELD OG EGENKAPITAL	68.360,47	72.368,06

6092 EGGESBØNES, 30.04.95
01.08.95




Rolf Hjelmseth
Kasserar



Stig Vestnes
Regnskapsfører



Astrid Jensen
Leiar



Revisor

BERGSØY I.L. - HANDBALLGRUPPA

NOTER

Note 1 - Trening og instruksjon

Kontonr. Kontonavn

4200/5010	Trenarlønn senior
4220/5020	Diett uten overnatting e/statens satser- senior
4225/5900	Diett uten overnatting e/statens satser- ald.best.
4230/5030	Diett med overnatting e/statens satser- senior
4240/5040	Bilgodtgj. etter statens satser - senior
4245	Bilgodtgj. etter statens satser - ald.best.
4250/5050	Passasjertillegg bil e./st.satser -senior
4215/5410	Arbeidsgivaravgift
4260/5060	Reiseutgifter senior trenar etter regning
4265	Reiseutgifter ald.best trenar etter regning

Regnskapssesong		Oppgavepliktig	
93/94	94/95	1994	1995
11500	29909	19.500	21.909
2833	1975	1.387	1.300
12200	12000	0	0 *
12175	8410	9.615	3.145
26627	16892	23.017	3.688
0	2116	0	0 *
8900	2682	5.379	191
1393	3186		
236	417		
	2188		
75864	79775	58.898	30.233

* Beløp under grensen for oppgaveplikt.

RESULTATREGNSKAP SESONGEN 95/96

	Regnskap 1.5.95-31.10.95	Budsjett 1.5.-31.10.95	Avvik fra budsjett	Budsjett 95 / 96
Inntekter:				
Reisetilskot/treningsavg. handballmedl.	22.200,00	63.000	-40.800	126.000
Inntekter idrettsarrangement	35.065,00	24.000	11.065	105.000
Inntektsbringande tiltak/arrangement	63.563,60	41.333	22.231	130.000
Reklame-/annonse- og sponsorinntekter	121.100,00	123.000	-1.900	123.000
Interne overføringer/-fordelinger	20.000,00	20.000	0	30.000
Andre inntekter	0,00	1.667	-1.667	2.500
SUM INNTEKTER	261.928,60	273.000	-11.071	516.500
Kostnader:				
Deltakelse i andre stevner/samlinger	42.449,00	41.250	-1.199	166.000
Egne stevner/arrangementer	34.277,40	31.500	-2.777	110.000
Trening- og instruksjon	29.891,22	38.628	8.737	81.756
Utdanning og kurs	0,00	6.000	6.000	10.000
Høimtaking og andre godtgj. til spelarar	4.530,00	4.000	-530	20.000
Andre trenings- og behandlingsutgifter	6.500,20	8.500	2.000	17.000
Andre driftskostnader -idrett/arrangement	1.700,00	3.500	1.800	5.500
Stevne og aktivtetskostnader	119.347,82	133.378	14.030	410.256
Møteutgifter	156,00	1.333	1.177	2.000
Administrasjonsutgifter	1.600,00	3.500	1.900	7.000
Informasjon	290,00	500	210	500
Markedsføringstiltak	1.418,00	1.000	-418	3.000
Administrasjon og markedsføring	3.464,00	6.333	2.869	12.500
Kontigenter/avgifter til forbund/kretser	36.700,00	25.000	-11.700	32.700
Utgifter ved inntektsbringande tiltak	35.125,00	36.500	1.375	47.500
Utg. ved reklame-, annonse og sponsoravtaler	10.000,00	11.000	1.000	11.000
Kont./avg. og utg. innt.bring.tiltak	81.825,00	72.500	-9.325	91.200
SUM DRIFTSKOSTNADER	204.636,82	212.211	7.574	513.956
DRIFTSRESULTAT	57.291,78	60.789	-3.497	2.544
Netto finanskostnader	334,50	375	41	450
Underskot(-) overskot(+)	56.957,28	60.414	-3.457	2.094

BERGSØY I.L. - HANDBALLGRUPPA

Halvtårsrekneskap

BALANSE PR. 31.10.95

(01.05.95 - 30.04.96)

	Balanse pr. 31.10.95	Balanse pr. 30.04.95
EIENDELER		
Kontantbeholdning	2.614,00	3.143,00
Bankinnskott	75.726,53	33.588,47
Betalingsmidler	78.340,53	36.731,47
Kundefordringer	38.897,00	20.629,00
Forskotsbetalte kostnader	0,00	11.000,00
Kortsiktige fordringer	38.897,00	31.629,00
SUM EIENDELER	117.237,53	68.360,47
GJELD OG EGENKAPITAL		
Leverandørgjeld	45.759,92	57.528,14
Forskot fra sponsorer	0,00	8.700,00
Skyldig skatt og arb.giv.avgift	0,00	8.894,00
Påløpne kostnader	27.590,00	6.308,00
Kortsiktig gjeld	73.349,92	81.430,14
Egenkapital 01.05.	-13.069,67	-9.489,95
Underskot (-)/overskot (+) i sesongen	56.957,28	-3.579,72
Egenkapital pr. 31.10.95	43.887,61	Pr.30.04.95 -13.069,67
SUM GJELD OG EGENKAPITAL	117.237,53	68.360,47

Likviditetsbeholdning

